

ORDENSREGLAR for Midsund Montessoriskule

Ved inntak skal rektor gjere dette reglementet kjent for elevar og foreldre. Reglementet skal, til kvar tid, vere i samsvar med Opplæringsdlova § 2-9 og § 2-10, Privatskulelova § 3-9, og jf. Privatskulelova § 3-10. Reglane gjeld for tida elevane oppheld seg på skulen, inkludert skulevegen.

Eleven har rett til:

- Bli respektert og godtatt som den han/ho er utan frykt for å bli erta og mobba.
- Arbeidsro slik at han/ho får brukt sine evner og anlegg.
- Ha sine skulesaker og andre eigendelar i fred.
- Føle seg trygg på skulevegen.
- Eit skulemiljø der det blir vist ærlegheit og omsorg, og at ein blir tatt på alvor.
- Kvalifiserte, dyktige og engasjerte lærarar og assistentar.

Eleven har ansvar for

- Vise omsyn og respekt for alle (elevar, tilsette og besøkande) ved skulen.
- Rette seg etter gruppereglane som blir laga i gruppa kvar haust.
- Halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga.
- Gjere lekser og oppgåvene som blir gitt, og levere innleveringar til rett tid.
- Behandle skulen sitt inventar, utstyr og bøker med forsiktighet.
- Møte til rett tid og ikkje forlate skulen sitt område utan løyve frå tilsette ved skulen.
- Halde god orden i skulesakene og i garderoba.
- Rydde på plass ting ein har brukt, etter bruk og før ein forlét området og startar med ny aktivitet. Det gjeld både inne og ute.
- Bidra til at skuleområdet både inne og ute er reint og ryddig, og i god stand.
- Følgje trafikkreglane og bruke hjelm ved sykling.
- Tyggegummi brukar vi ikkje i skuletida. Godteri brukar vi berre ved festlege anledningar.
- Å la andre sine eigendelar vere i fred. Man må spør om lov til å låne viss ein ønsker det.
- Bruke eit språk utan banning og nedverdiggande utsegn om andre.
- Ta vare på sine eigne eigendelar og unngå å ha med verdisaker på skulen.
- Å nytte leiker som fører til stor fart berre på områder som er avgrensa for dette. Rett verneutstyr skal brukast. Foreløpig er det sykklar på sykkelløypa som kan nyttast til slik leik. Private leiker som kan skape stor fart skal ikkje nyttast på skulen.

Viktige forbod:

- Mobiltelefon, DS-spel, I-pad o.l. skal ikkje vere med på skulen. Viss dei må det grunna aktivitet etter skuletid, skal dei ligge avslått i sekken **heile skuledagen**. (OBS! Dette gjelds også på bussen til og frå skulen!)

- Det er ikkje lov til å ha med knivar eller andre våpen på skulen. Dette gjelds også leiketøy som liknar på våpen.
- Ikkje ta med seg leiker og ting til skulen som går utover undervisninga eller sikkerheita til elevane.
- Ingen kan gå på kjøkkenet og ta ting, som for eksempel mat og reiskap, utan løyve frå tilsette.
- Mobbing skal ikkje førekomme.
- Hærverk skal ikkje førekomme.
- Nasking / tjuveri skal ikkje førekomme.
- Det tillatast ikkje å røyke, bruke alkohol eller andre rusmiddel på skulen.

Foreldra pliktar å:

- Gje beskjed til skulen når eleven blir borte frå skulen, tidlegast mulig.
- Halde seg orientert om informasjon som til ein kvar tid kjem frå skulen.
- Følgje opp barna sine slik at dei får fullt utbytte av skuledagen og vise interesse for det barna har opplevd på skulen. (Tildømes: sjå i loggboka om helga, spør barna kva dei har gjort på og korleis dei har det på skulen.)
- Rette seg til / seie ifrå / ta opp ting som har med skulen å gjere med rett instans. Det vil seie med kontaktlærer, rektor, foreldrerepresentant eller foreldrearbeidsutvalsleiar (FAU-leiar).
- Gje beskjed til skulen om viktige hendingar i elevane sitt liv som kan påverke elevane sine evne til konsentrasjon og læring.
- Betale skulepengane til rett tid.
- Hjelpje barna med å ha kontroll på kle og ustyr dei tek med til skulen, og sjå til at dei har nok og rette kle til forholda.
- Bidra til eit godt og sosialt miljø som er med på å førebygge mobbing.
- Setje seg inn i prinsippa i montessoripedagogikken.

Tiltak ved brot på ordensreglar:

- Fysisk refsing eller annen krenkande behandling av elevane tillatast ikkje ved skulen.
- Ved brot på ordensreglementet som krev opprydding, reoperasjon, vask eller liknande kan eleven bli sett til denne jobben. Det kan då krevjast at dette skjer utanom undervisningstid. Ved bruk av tid etter skuletid blir føresette kontakta.
- Ved hærverk på inventar, materiell eller andre ting som høyrer skulen eller medelevar/personale til, kan det bli pålegg om å rette opp skaden. Dette kan også føre til eit økonomisk pålegg. Føresette blir då kontakta.
- Ved mindre brot på ordensreglementet, skal lærar kunne gje munnleg irettesetting. Eleven har rett til å forklare seg om forholdet, og gi til kjenne sitt syn.
- Gjeld brotet å nytte mobil og liknande i skuletida, vil den bli inndratt til skuledagen er over, utan forvarsel.
- Gjeld brotet uro i timen og forstyrning av andre elevar sin arbeidsro kan eleven bli sett til å jobbe ved fast pult eller på eit anna rom under tilsyn av ein vaksen resten av arbeidsøkta og eventuelt fritimen.

- Dersom ein elev blir irettesett fleire gongar, skal føresette ha skriftleg melding. Før disiplinære tiltak blir sett i verk, skal eleven ha moglegheit til å forklare seg om forholdet, og gi til kjenne sitt syn.
- Elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt skulen sine ordensreglar, kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen. Det blir då eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Foreldre skal varslast før det blir sett i verk tiltak, og eleven skal ha rett til å forklare seg om forholdet, og gi til kjenne sitt syn. Det er rektor som fattar vedtak. Foreldre/ føresette/ eleven kan klage på vedtaket til fylkesmannen.
- Gjeld brotet mobbing så har skulen sin eigen «Handlingsplan mot mobbing» som blir nytta.
- Ved manglande betaling av skulepengar så vil eleven stå i fare for å miste retten til skuleplassen. Det vil bli gitt skriftleg informasjon om dette.

Vedr. punkta over om at eleven har rett til å forklare seg og gi til kjenne sitt syn: Dette skal gjerast utan at det går på bekostning av andre elevar si undervisningstid. Om nødvendig må eleven haldast tilbake etter skuletid for samtale med ein tilsett. Føresette blir då varsla.

Revidert på styremøte 12.03.2014